INNTAKSREGLEMENT

Lov om private skolar med rett til statstilskot
(privatskoleloven)

§ 3-1.Inntak av elevar
Vike Montessoriskule skal ha heile landet som inntaksområde. Dei skal stå opne for alle som fyller vilkåra for inntak i offentlege skular, jf. opplæringslova §§ 2-1 tredje ledd og 3-1 første ledd.

§ 1 Inntaksreglement
Inntak av elevar skal skje i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande avgjerder i privatskoleloven og inntaksreglement fastsett av styret.

§2 Elevinntak
Skulen skal ta inn elevar i høve til skulen sin kapasitet. Ved kapasitetsproblem vil skulen prioritere inntak av elevar. Dette gjeld også med tanke på gruppestørrelsen i dei ulike gruppene. Skulen kan reservere eit avgrensa tal på elevplassar til søkjarar som kjem etter hovudinntaket, og til framtidige elevar basert på store kull i Montessoribarnehagen.

Prioriteringa skal ha følgjande rekkefølgje som utgangspunkt:

1. Born med postadresse 6392 Vikebukt
2. Born med postadresse 6387 Vågstranda
3. Born som har gått i Vike Montessoribarnehage
4. Born av skulen sine tilsette
5. Born som har sysken på skulen
6. Born som skal ta til i første klasse

Born med spesielle behov har same rett som andre til plass i skulen.

Det er ønskjeleg at føresette som søkjer barna sine inn på skulen viser interesse og forståing for montessoripedagogikken, og vil delta på kurs i pedagogikken sine prinsipp.

Dersom føresette gir skriftleg løyve til det, kan skulen innhente opplysningar om eleven det blir søkt plass for frå barnehagen, skulen eller den pedagogisk-psykologiske tenesta. Skulen kan ikkje krevje at dei føresette gir skulen eit slikt løyve. Forvaltningslova kapittel 5 og 6 gjeld ved vedtak om inntak.

§3 Kunngjering om inntak av elevar

Kunngjering om inntak av elevar blir gjort kvart år i januar månad for å sikre at informasjon om inntak for neste skuleår blir offentleggjort. Kunngjeringa skal gi naudsynte opplysningar om søknadsfristar og ei kort utgreiing om dei kriteria som er omtala i §2 i Inntaksreglementet. Søknadsfrist skal kvart år vera 1. februar, eller, dersom dette er ein heilagdag, første kvardagen etterpå.

§4 Handsaming av søknadar og melding om inntak

Skulen sin daglege leiar avgjer i samsvar med reglementet kva elevar som skal takast inn ved skulen. Søknadane skal handsamast og vedtak skal gjerast i samsvar med kapittel 5 og 6 i forvaltningslova. Det skal utarbeidast skriftleg innstilling om elevinntak. Endeleg inntak på basis av denne innstillinga. Melding om inntak skal gjevast innan 4 veker etter at søknadsfristen har gått ut.

Alle søkjarar skal ha skriftleg svar på søknadane sine. Melding om inntak av elevar skal også sendast til eleven sin heimstadkommune.

Etter privatskoleloven § 3–1 sjette ledd er avgjersle om inntak (fått plass eller avslag) eit enkeltvedtak etter forvaltningsloven, og søkaren kan påklage vedtaket til departementet (delegert til Fylkesmannen).

§5 Prioritert venteliste

Det skal kvart år leggjast fram ei prioritert venteliste som skal nyttast ved elevinntak dersom det skulle bli ledige skuleplassar. I særskilte høve kan det gjerast avvik frå denne lista.

§6 Endring av inntaksreglement

Dette inntaksreglementet kan endrast av skulestyret innanfor dei til ei kvar tid gjeldande reglar i privatskoleloven og skulen sine vedtekter.

Vike Montessoriskule, rev. av styret 24.09.26